



## Sirdalsskulen - mål og strategiar

2017/2018 – 2020/2021

### **Innleiing:**

"Sirdalsskulen - mål og strategiar" er eit overordna kommunalt styringsdokument for vaksenopplæringa og dei to grunnskulane i Sirdal, Sinnes skule og Tonstad skule. Dokumentet er eit resultat av prosessen "Saman om ein betre skule" våren 2012, der elevar, føresette, tilsette, leiarar på skulenivå og kommunenivå samt folkevalde, var involverte.

I tillegg byggjer dokumentet på nasjonale føringar og kommunale handlingsplanar, og det dannar grunnlaget for skulane sine pedagogiske verksemds- og kvalitetsutviklingsplanar.

Ein har òg sett på forskning som viser at kvalitet i skulen i stor grad avheng av *ein lærande organisasjon, eit godt læringsmiljø, god leiing og gode lærarar*. Ein lærande organisasjon legg til rette for kontinuerlig kvalitetsutvikling på skulenivå, han er kjenneteikna av bevisste val av møteformer, ubrotne læringsløyper og felles møtepunkt mellom politikarar, leiing, lærarar, elevar og foreldre. I arbeidet med å vidareutvikla kultur for læring står kompetanseutvikling der lærarane lærer av kvarandre gjennom samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa sentralt.

I tillegg skal skulane sin eigenart takast i vare ved at den einskilde skule vektlegg sine egne, prioriterte område.

### **Formålet med opplæringa (formålsparagrafen):**

#### **§ 1-1. Formålet med opplæringa**

Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gje innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

## **Visjon for Sirdalsskulen:**

*"Ein god stad å vera - ein god stad å læra"*

I Sirdalsskulen er det eit godt læringsmiljø. Det er eit trygt miljø for alle elevar, der alle syner omtanke for kvarandre og omgjevnadene. Dei syner tillit, ærlegdom, open framferd, rettferd og lojalitet. Alle i skulemiljøet står fram som positive og gode førebilete.

Sirdalsskulen har eit godt fysisk miljø som gir rom for læring og aktivitet både inne og ute. Det er tydeleg leing av klassar, god undervising, kommunikasjon og sosial omgang.

Det er god dialog og eit godt samarbeid mellom elevar, deltakarar ved vaksenopplæringa, foreldre, føresette, tilsette og skuleleiarar.

Det er stor breidd i den pedagogiske kompetansen. Det vert lagt vekt på god praksis og kultur for læring.

## **Satsingsområde:**

### **Mål 1: Samarbeid i heile organisasjonen**

*Sirdalsskulen legg til rette for at elevar, deltakarar, foreldre, føresette, rådsorgan, tilsette og skuleeigar er aktive samarbeidspartnarar for å vidareutvikla Sirdalsskulen som ein lærande organisasjon.*

#### **KJENNEMERKE:**

- Skulane involverer tilsette, elevar, foreldre og føresette i utviklingsarbeidet
- Lærarar, foreldre og føresette har tydelege og realistiske forventningar og støttar barna si læring og skulegang
- Foreldre, føresette og politikarar har kunnskap om skulen sitt språk og uttrykksmåte
- Aktørane i skulesamfunnet arbeider for at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring òg på tvers av skulane
- Skulane har gode verktøy for vurdering, dvs. nasjonale og lokale vurderings- og kvalitetssystem. Skulane syter for at resultatane frå desse blir analyserte og drøfta i dei ulike rådsorgana, og følgde opp vidare
- Forbetringstiltak som er utarbeidde, vert følgde opp av alle involverte
- Lærarane stiller like forventningar til jenter og gutar

## Mål 2: Trygt læringsmiljø

*Sirdalsskulen har eit læringsmiljø prega av inkludering og trivsel.*

### **KJENNEMERKE:**

- Elevar og vaksne møter kvarandre med gjensidig respekt
- Alle elevane opplever dagleg merksemd frå vaksne
- Elevane er involverte i trivselsfremjande tiltak i skulen, kulturelle og faglege
- Skulane arbeider med sosial og etisk kompetanse
- Foreldre og skule har avklara forventingar til kvarandre
- Skulane arbeider aktivt og målretta for å gjera skule og skuleveg mobbefri. Ingen opplever krenkjande åtferd i Sirdalsskulen
- Skulane har prosedyrar i høve til opplæringslova § 9a om elevane sitt fysiske og psykososiale skulemiljø
- Foreldre og føresette omtalar skulen på ein positiv måte, deltek på foreldremøte/ utviklingssamtalar og viser interesse for eleven sitt skulearbeid

## Mål 3: Eleven sine læringsprosessar og resultat

*Sirdalsskulen har gode lærarar som driv tilpassa opplæring prega av høg fagleg kvalitet, gode tilbakemeldingar, praktiske aktivitetar i undervisinga og varierte arbeidsmetodar.*

### **KJENNEMERKE:**

- Dei grunnleggjande dugleikane pregar opplæringa i alle fag
- Undervisinga er praktisk, variert, relevant og utfordrande
- Elevar med særskilde behov får tidleg den opplæringa dei har krav på
- Skulane nyttar:
  - ulike læremiddel og metodar som fremjar medbestemming og meistring
  - "Vurdering for læring" som utgangspunkt for å gje elevar med særskilde behov tidlig og tilpassa opplæring, både dei som treng større utfordringar og dei som treng meir hjelp.
- Elevane får trening i å setja seg realistiske mål og gje seg sjølv utfordringar
- Undervisinga har høgt læringstrykk og elevane får god rådgjeving, noko som gjer alle elevar i stand til å fullføra vidare utdanning og å delta i arbeidslivet
- Skulane legg vekt på dei fire prinsippa i "Vurdering for læring" i samband med skulebasert vurdering
  - Elevane skal forstå **kva dei skal læra** og **kva som vert forventa** av dei
  - Elevane skal ha **tilbakemeldingar** som fortel om kvaliteten på arbeidet eller presentasjonen
  - Elevane skal **få råd** om korleis dei kan forbetra seg
  - Elevane skal være **involverte i eige læringsarbeid** med blant anna å vurdere eige arbeid og eiga fagleg utvikling
- Skuleeigar og skulane samarbeider om kompetanse- og skuleutvikling

## Tiltaksplan:

*(Der ansvarleg er fastsett, står det i parentes bak tiltaka)*

1. Vidareføra satsinga på lesing i alle fag og klasseleing
2. Vidareføra arbeidet med "Vurdering for læring"
3. Skuleeigar og skuleleiarane samarbeider om ein organisasjon med kultur for læring
4. Gje informasjon om skulen og satsingsområda på foreldremøta
5. Skulane tar i bruk systema/rutinane i "Bedre Tverrfaglig innsats" (BTI)
6. Lærarane blir oppmoda til vidareutdanning gjennom "Kompetanse for kvalitet"
7. Nyutdanna og nytilsette får tilbod om mentor
8. Lærarane får tilbod om kurs via Lister pedagogiske senter eller andre aktørar
9. Satsingsområda blir jamleg tekne opp på den einiskilde skule (rektor)
10. Fagmøte etter nettverksmodellen ut frå satsingsområda i denne planen i samarbeid med rektorane (einingsleiar)
11. Felles plandagar/kurs etter behov (einingsleiar)
12. Skulane gjer bruk av forventningsplakaten heim-skule, definisjon på krenkjande åtferd og har rutinar som sikrar føresegnene i §9a. Dokumenta ligg på heimesida til skulane (rektor)
13. Vaksenopplæringa deltek i prosjektet "Vurdering for læring" i regi av Lister pedagogiske senter (rektor)
14. Rektor og inspektør vert oppfordra til å delta på rektorskulen (einingsleiar)
15. Skuleleiarane deltek i leiaropplæringa i regi av Lister pedagogiske senter (rektor)
16. Ein kjøper inn eit heilskapleg og integrert skuleadministrativt system for Sirdalsskulen (einingsleiar)
17. Sikra kunnskapsoverføring om skule til utval for oppvekst og levekår ved ny valperiode (utvalsleiar, assisterande rådmann og einingsleiar)
18. Finna arenaer der alle i kommunestyret kan få oppdatert sine kunnskarar om skule (utvalsleiar og assisterande rådmann)
19. Politikarane vedtek mål for resultatata i Sirdalsskulen etter drøfting med eininga.
20. Resultata i Sirdalsskulen og tiltaka i denne planen vert drøfta i samarbeidsutvala/SU (rektor)

## Gjennomføring av mål og strategiar i Sirdalsskulen:

- a. Kvalitetsutviklingsplan  
Rektor har ansvar for at den einiskilde skulen lagar sin kvalitetsutviklingsplan på bakgrunn av måla i "Sirdalsskulen – mål og strategiar". Planen blir utforma i ein felles mal, og har to delar.

Del 1: Fireårig plan

- oversyn over skulen sine mål og kjenneteikn på måloppnåing, i eit fireårig perspektiv
- tiltaksplan
- behov for kompetanseheving i perioden

Del 2: Plan for kvart skuleår

- mål for året, med kjenneteikn på måloppnåing, inkludert resultatmål
- tiltaksplan med ansvar
- plan for evaluering av kvalitetsutviklingsplanen og måloppnåing

Første kvalitetsutviklingsplan i perioden blir levert kommunalt nivå innan 20.08.17.  
Revidert kvalitetsutviklingsplan med ny plan for skuleåret blir levert innan 20. august kvart påfølgjande år.

b. Rapportering

Skulane vurderer i kor stor grad dei har nådd oppsette mål, og rapporterer til kommunalt nivå innan 15. juli kvart år.

### Skuleeigar har eit særskilt ansvar for:

- å følgja opp resultat av dei statleg initierte vurderingssystema (Elevundersøkinga, nasjonale prøver), statleg ordning for vidareutdanning og dei kommunalt prioriterte områda
- ressursar til deltaking i ekstern skulevurdering kvart fjerde år
- arbeida aktivt for å få til lærande prosessar og utvikling i skulen (skuleeigar)
- leggja tilhøva til rette for at måla i planen kan verta nådde
- evaluering av planen i kvar kommunestyreperiode

### Forpliktande dokument planen byggjer på:

- Opplæringslova  
<http://www.lovdata.no/all/nl-19980717-061.html>  
  
direkte til Opplæringslova §9a  
<http://www.lovdata.no/all/tl-19980717-061-011.html>  
  
direkte til Brukarmedverknad Opplæringslova kap 11  
<http://www.lovdata.no/all/tl-19980717-061-013.html>
- Føreskrifter til opplæringslova  
<http://www.lovdata.no/for/sf/kd/kd-20060623-0724.html>
- Kunnskapsløftet L06  
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/>  
  
direkte til prinsipp for opplæringa  
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/>  
  
direkte til generell del  
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>
- Stortingsmelding 31 (2007-2008): Kvalitet i skolen  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2007-2008/stmeld-nr-31-2007-2008.html?id=516853>
- Stortingsmelding 22 (2010-2011): Motivasjon - Mestring - Muligheter - Ungdomstrinnet  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-22-2010--2011.html?id=641251>

### Kjelder:

Grøgaard, Næss, Opheim, (2010): De gamle er eldst? *Betydning av ressurser, undervisningsformer og skulemiljø for elevanes prestasjoner på femte, åttende og 10. trinn i grunnopplæringen*. Rapport 34/2010. Oslo: NIFU STEP

Hattie, J. (2009): *Visible Learning. A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement*. London, Routledge

Nordahl, Thomas (2010): *Læringsmiljø og elevanes faglige og sosiale læringsutbytte*, tilgjengelig frå [www.hihm.no](http://www.hihm.no) Senter for praksisrettet utdanningsforskning

OECD (2009): *Creating Effective Teaching and Learning Environments: First results from TALIS 2008*. OECD

PricewaterhouseCoopers / KS (2009): *Kom nærmere! Sluttrapport frå FoU-prosjektet*

«Hvordan lykkes som skuleeier?» Om kommuner og fylkeskommuners arbeid for å auke elevanes læringsutbytte. Oslo, PricewaterhouseCoopers

Topland, B., og E. M. Skaalvik (2010): *Meninger frå klasserommet. Analyse av Elevundersøkelsen 2010*. Kristiansand, Oxford Research

### **Politisk forankring:**

- Planen er vedteken i kommunestyret 13.12.12.
- Planen er revidert og vedteken av kommunestyret 22.06.17